



Fylkesdelplanen fremjar ikkje forslag til ein tradisjonell senterstruktur, men deler fylket inn i 9 ulike regionar, med tilhøyrande bygdebyar og kommunesentra. Ålesund, Molde og Kristiansund er nokså jambyrdige tyngdepunkt i respektive regionar.

I fylkesdelplanen er det ikkje gjort avgrensing av sentrumsområda for regionsentra, bygdebyane eller kommunesentra. Departementet finn det viktig å peike på at kommunane må følgje dette opp i den ordinære kommuneplanlegginga. Avgrensingane bør ta utgangspunkt i dei eksisterande kommune(del)planane, gangavstandar og Statistisk sentralbyrå sin metode for avgrensing av sentrum. Miljøverndepartementet meiner ei slik avgrensing vil gje eit godt grunnlag for ei vidare utvikling av sentra i Møre og Romsdal.


I Ålesund legg planen opp til ei funksjonsdeling mellom Ålesund sentrum og Moa, der Moa har vorte eit naudsynt supplement til eit arealmessig trangt bysentrum. Moa er i dag det fremste detaljhandelssenteret i fylket og ifølgje planen er det uråd å sjå bort frå at det her er eit sjølstendig behov for utvikling. For Ålesund kommune er det ei utfordring å ta hand om den vidare utvikling av to ulike sentrumsareal. Departementet meiner at kommunen her må gjere ei vurdering av korleis Moa skal utviklast inn i framtida i høve til Ålesund sentrum. Skal Moa vere ein integrert del av Ålesund sentrum må det og lagast planar slik at Moa kan framstå som eit byområde gjennom ei bevisst *byomforming*. Slike planar må utgreie potensialet for boligbygging, utvikling av eit godt bymiljø, kulturtilbod, regionale funksjonar og utvikling av eit transporttilbod for alle trafikantar.

Landbruks- og matdepartementet meiner det er uheldig at ingen av dei overordna måla for lokalisering tek omsyn til landbruket sine arealressursar.

Retningslinene til fylkesdelplanen er ikkje juridisk bindande, men vil kunne vere eit grunnlag for motsegn til dei kommunale arealplanane.

Fylkeskommunen har i arbeidet med planen lagt opp til ei brei deltaking, m.a. har Fylkesmannen, Statens vegvesen, senterforeningane, kommunar, handelsnæringa og ulike brukargrupper medverka. Departementet meiner sjølve prosessen - med høve for alle til å komme med innspel og synspunkt - kan medverke til å sikre ei god gjennomføring av planen.

Med helsing



Øyvind Håbrekke